

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 15.03.2018

Gunda F Sparre (LOP) satte fram to forslag:

- «1. Etter vestlandskonferansen i Loen vil fylkeseldrerådet vurdere om det skal bli invitert personar frå vestlandkonferansen til å inndeile på vår eigen konferanse i november 2018 om ernæring.
2. Klinisk ernæringsfysiolog v/Haraldsplass Diakonale Sykehus blir spurt om å inndeile på fylkeseldrerådet sin konferanse i november 2018.»

Inger Lingjerde (PF) satte fram slikt forslag:

«Sende eit skriv til dei kommunale eldreråda om det er andre tema enn ernæring som er ynskjeleg på eldrerådskonferansen.»

Odd Himle (SN-H) satte fram to forslag:

- «1. Eldre – mat – ernæring og redusert medisinbruk og produksjon av maten.
(Matleverandør – kommunale storkjøken – kjøken på institusjonane)
2. Rådsmedlemene blir oppfordra til å tenkje gjennom aktuelle tema til eldrerådskonferansen og melde inn tema til arbeidsutvalet.»

Synnøve Solbakken (FL A/Sp/SV) og Kåre Ystanes (PF) satte fram slikt forslag:

«Orientering angåande regionreforma og korleis ein ser organisering av eldreråda etter samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane.»

Synnøve Solbakken (FL A/Sp/SV) satte fram slikt forslag:

«Kulturelt innslag – Gå på teater, gjerne Hordaland Teater på kveldstid den 6. november.»

Røysting

Forsлага frå Sparre, Lingjerde, Himle og Solbakken og Ystanes vart samrøystes vedtekne.

Vedtak

- a) Forslag til tema til Tema til Eldrerådskonferansen 2018
 1. Eldre – mat – ernæring og redusert medisinbruk og produksjon av maten.
(Matleverandør – kommunale storkjøken – kjøken på institusjonane)
 2. Orientering angåande regionreforma og korleis ein ser organisering av eldreråda etter samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane.
- b) Vidare planlegging
 1. Etter vestlandskonferansen i Loen vil fylkeseldrerådet vurdere om det skal bli invitert personar frå vestlandkonferansen til å inndeile på vår eigen konferanse i november 2018 om ernæring.
 2. Klinisk ernæringsfysiolog v/Haraldsplass Diakonale Sykehus blir spurt om å inndeile på fylkeseldrerådet sin konferanse i november 2018.
 3. Sende eit skriv til dei kommunale eldreråda om det er andre tema enn ernæring som er ynskjeleg på

eldrerådskonferansen.

4. Rådsmedlemene blir oppfordra til å tenkje gjennom aktuelle tema til eldrerådskonferansen og melde inn tema til arbeidsutvalet.
5. Kulturelt innslag – Gå på teater, gjerne Hordaland Teater på kveldstid den 6. november